



VOLDA EI FERJEFRI KOMMUNE

Utarbeiding av søknader • Ferjeavløysingsprosjekt


Innholdsliste

1. Søknad som ferjeavløysingsprosjekt
 - 1.1. Kva må vere utgreidd?
2. Status på utvikling av bruløysingar
3. Viktige oppgåver å prioritere 2020-2022
 - 3.1. Status på nokre prosjekt
 - 3.2. Fylkeskommunen har lyst ut konkurranse
 - 3.3. Planprogram KDP bru over Voldsfjorden
 - 3.4. Det må ligge føre reguleringsplan
 - 3.5. Planprogram KDP bru over Dalsfjorden
 - 3.6. Veg mellom bru i Dalsfjorden og Vanylven
4. Samfunnspåverknad
5. Viktige nye delprosjekt som må prioriterast i 2020-2022
 - 5.1. Volda ei ferjefri kommune
 - 5.2. Finansieringsanalyse for bruprojekta
 - 5.3. Utarbeiding av søknad – ferjeavløysing
 - 5.4. Kvalitetssikring av søknad
6. Styremøte i Voldsfjordkryssing AS den 29.01.2020
 - 6.1. Kor mykje har styret trong om av midlar 2020-2022 (ref. pkt 2. i styrevedtaket framanfor
- 7.0 Voldsfjordkryssing AS – skipinga av selskapet – historikk

APPENDIX:

Vedtektene for Voldsfjordkryssing AS
Protokoll frå generalforsamlinga
i Voldsfjordkryssing AS 26. juni 2019






Vedtak i Volda kommunestyre den 12.12.2019

«Kommunestyret ber Voldsfjordkryssing om at det tidleg i 1. halvår 2020, vert lagt fram ei sak som viser kva Voldsfjordkryssing AS har trong om av midlar for å kunne legge fram ferdig(e) søknad(ar) om godkjenning av bruprojekta som ferjeavløysingsprosjekt».

VOLDSFJORDKRYSSING AS



1.0 Søknad om at eit utgreidd prosjekt kan bli godkjent som eit ferjeavløysings prosjekt.

Ferjeavløysingsordninga vart lansert av Regjeringa i første halvdel av 2014.

Prop 128 S (2016-2017) – og Kommuneproposisjonen 2018 har oppdaterte retningslinjer for ferjeavløysingsordninga.

Nemnast her kan:

- Når det gjeld fylkeskommunale prosjekt (fylkesveg) har fylkeskommunen sjølv ansvar for å fremje saker som er aktuelle

- Når det gjeld statlege (riksveg) så kan slike saker fremjast direkte til Vegdirektoratet/ Samferdselsdepartementet
- Samferdselsdepartementet avgjer kva prosjekt som skal godkjennast på bakgrunn av tilråding frå Statens vegvesen/ Vegdirektoratet.
- Det er Kommunal og moderniseringsdepartementet som fastset lengda på ferjeavløysingstilskotet (inntil 45 år), storleiken på det årlege tilskotet vert prisjustert årleg.




1.1 Kva må vere godt utgreidd i ein søknad om at eit prosjekt vil kunne godkjennast som «ferjeavløysingsprosjekt»?

Styret i Voldsfjordkryssing AS har sett det som naudsynt å «grovinndeleg» utgreiingsarbeidet for å ha den naudsynte informasjonen som trengst for å kunne utarbeide ein tilkomplett «søknad om godkjenning som ferjeavløysingsprosjekt slik, - dette gjeld likt for begge fjordkryssingane):

- Kvar skal brua ligge i fjorden?
 - o Planprogram/KDP
- Kva slags bru kan leggjast over fjorden
 - o Teknisk løysing med kostnadsutgreiing (vurdert av faginstansar)
- Kva vil forventede trafikk vil den nye brua få – analyse for trafikkutvikling 30 år framover
 - o Faglege analyser ved nytte av «trafikkmodellar» som dei sentrale samferdselsmyndigheiter vil godkjenne
- Kva samfunnsnyttige verknader/samfunnsnytte vil brua få i høve til m.a.:
 - o Bu- og arbeidsmarknad
 - o Andre regionar/kommuner
 - o Lokaltrafikk
- Kva finansieringsgrunnlag vil dokumenterbart vere til stades for å fremme oppmoding/søknad om godkjenning av prosjektet som eit ferjeavløysingsprosjekt
- Utforming av søknad om godkjenning som ferjeavløysingsprosjekt
- Ekstern kvalitetssikring av søknaden.

2.0 Status på utvikling av hensiktsmessige bruløysingar for Voldsfjorden og Dalsfjorden.

Det ligg no ligg føre teknisk konsulentutgreiing (konsept for teknisk løysing med priskalkylar) for to alternative brukryssingar av Voldsfjorden, samt for eitt alternativ for kryssing av Dalsfjorden. Det har vist seg at desse 3 traséalternativa alle kan nytte same grunnteknologi. Forskjellen på desse tre bruløysingane er stort sett: ulike lengder på bruene, detaljforskjellar på løysing av skipsslusene, samt korleis bruene skal koblast opp mot land på begge sider av fjordane.



Det er å merke seg at av denne konsulentutgreiinga så framgår det følgjande om estimert byggetid: «En foreløpig vurdering av byggetid for flytebrø for Voldsfjorden er gjort:

- | | |
|--|---------------------|
| - Forprosjekt, verifikasjon av kritiske områder, bassengttester: | 18 måneder |
| - Prosjektering, forberedelse anbudsunderlag | 12 måneder |
| - Anbud og evaluering | 6 måneder |
| - Bygge- og installasjonsperiode totalt: | 36 måneder |
| - Total teknisk prosjektperiode: | 72 måneder (6 år)». |



Som vi veit er det i 2019 teikna ny avtale mellom Vegvesenet/ Staten og reiarlag for ferjestrekninga Volda – Folkestad (riksveg) for perioden 2020 – 2029. For perioden 2021 – 2030 for ferjestrekninga Volda – Lauvstad Vegvesenet/Fylkeskommunen (fylkesveg).

Dette betyr såleis at om ny bru skal avløyse ferje i dei nemnde ferjestrekningane frå 2030, så må det givast «grønt ljós» for brubygging innan utgangen av 2024. Det er etter ein slik plan Voldsfjordkryssing AS må arbeide vidare framover.

3.0 Viktige oppgåver å prioritere for Voldsfjordkryssing AS i 2020 og 2021.

3.1 Status på nokre delprosjekt i Voldsfjordkryssing sitt arbeid.

- Det har vore lagt ned mykje tid og midlar på å kome fram til teknisk realiserbare bruløysingar både for Voldsfjorden og Dalsfjorden. Med den rapporten som no ligg føre om dette, vil vidare arbeid med dette ikkje vere naudsynt å topprioritere i 2020/21.

3.2 Det kan nemnast at MR-fylkeskommune nettopp har lyst ut ein konkurranse der brukonstruktørar blir inviterte til å utgreie alternative tekniske bruløysingar – ein konkurranse om inovasjonspartnerskap. Her er det føresett at løysinga kan knytast opp mot konkrete fylkeskommunale bruprosjekt i MR, noko som kan vere interessant for t.d. bru over Dalsfjorden.

3.3 Planprogram/KDP for bru over Voldsfjorden. Planprogram er vedteke av Volda kommunestyre. KDP er lyst ut på DOFFIN, og politisk handsaming er nær føreståande. Etter den tidsplan kommunen har lyst ut, skal endeleg KDP handsamast i Volda kommunestyre i januar/februar 2021.

– Her kan det nemnast at då Volda formannskap i sitt møte 27/11.2018, sak 180/18 drøfta årsbudsjettet 2019, så gjorde formannskapet følgjande vedtak vedr. løyving vedr Voldsfjordkryssing AS, punkt 3 som si tilråding til kommunestyret: «Volda kommune dekkjer kostnadane med Kommunedelplan – om nødvendig med ekstern hjelp. Kostnad skulle dekkjast av ubunde disposisjonsfond. – Då formannskapet 5/2.2019 drøfta prioritering av plantiltak, les vi i protokollen, tilleggspunt 2 a i vedtaket: Kommunen dekkjer kostnadane ved utarbeiding av Kommunedelplan – sidan kommunen ikkje har ledige ressursar. – Vi kan og lese innleiingsvis i dette punktet at det vert vist til formannskapet si handsaming av tilråding til vedtak i budsjettet for 2019. –



3.4 I samband med søknad om godkjenning som ferjeavløysingsprosjekt så heiter det m.a.: «Før søknaden kan behandlast endeleg, må det ligge føre ein godkjend reguleringsplan».



Rapport traséval Dalsfjord-Vanylven

Innleiing

Det har vore nedsett ei gruppe av personar som skal vurdere alternative vegføringer: Dalsfjord-Vanylven. Gruppas sine medlemmar er valgt på følgjande måte: grøndal/Vilja i Dravik og Lauvstad/Velvik: Frode Bjørnstøl, Tore Lanren, Jon Grønstad, Merjon Kløkk, Vanylven kommune: Rolf Dyb og Styret i Voldsfjordkryssing; Edvin: Dale

Det har gjennom felle møter vore drøfta alternativ 1-3

Alternativ 1: Aknes - Nordal - Syvde

Alternativ 2: Dravik/Sidle - Brudevatn - Syvde

Alternativ 3: Klæstermoen veg

I vurderinga har det vore teke med felle moment, viktige punkt, tidsparende mellom kommunesentre, tilgjengelighet til vegar, arealbruk og utbyggingskostnad.

3.6 Når det gjeld punkt C i §3 i Voldsfjordkryssing sine vedtekter, vurdering av tunnel til Vanylven -, så har styret i Voldsfjordkryssing AS hatt eit utval i arbeid. Utvalet har fremma si innstilling som er vedteken i selskapet sitt styre den 29.01.2020. Voldsfjordkryssing AS treng ikkje bruke meir ressursar på dette.



3.5 Planprogram bru over Dalsfjorden. Dette er ferdig utarbeidd. Volda formannskap vedtok 04.02.2020 å leggje dette ut til offentlig ettersyn i minst 6 veker. Det vil vere eit mål å få dette planprogrammet vedteke i kommunestyret i august månad 2020, og då med vedtak om igangsetjing av arbeid med KDP.



4.0 Samfunnspåverknad.

Dette er ein aktivitet som vil få nokså avgjerande betydning i konkurranse med andre bru-prosjekt for å kunne få «grønt ljøs» for igangsetjing. Ein god del aktivitetar har vore utførde, men ein del omfattande og viktige delprosjekt som vi ser som naudsynt å gjennomføre, vil bli gjennomført vidare framover. Dette gjeld pågåande aktivitetar via ulike media – lobby-verksemnd mot politiske miljø osv.. – Det kan nemnast her at ordføraren i Volda har fått avtale med leiaren i Samferdselsutvalet i MR, og at vi i deira møte skal orientere om/presentere Brukryssing over Dalsfjorden (fylkesveg-prosjekt).

Linkar til filmar:

<https://vimeo.com/272251419>
<https://vimeo.com/278295326>
<https://vimeo.com/299880710>

5.0 Viktige delprosjekt som bør prioriterast i 2020/21.

Kva vil på alle måtar det bety for Volda å få ei ferjefri kommune? Hovedføremålet til pådrivarselskapet Voldsfjordkryssing er å kunne få fram komplette søknadar om erstatte ferjesambanda Volda – Folkestad og Volda – Lauvstad med bruer då etter ordninga «ferjeavløysingsprosjekt».

5.1 Volda ei ferjefri kommune.

A. Eit nullalternativ – slik situasjonen er i dag

B. Erstatte riksvegsambandet Volda-Folkestad med bru-samband over Voldsfjorden (finansiert primært som eit ferjeavløysingsprosjekt samt med brubillet)

C. Erstatte fylkesvegsambandet Volda-Lauvstad med brusamband over Dalsfjorden (finansiert primært som eit ferjeavløysingsprosjekt samt med brubillet)

D. B+C - Både bru over Voldsfjorden og Dalsfjorden. Analyse som fokuserer på potensiell trafikkvekst, og evt omfordeling av trafikk grunna dei nemnde endringane i vegnettet. Analysen skal sjå på effektar for heile hovedvegnettet, ikkje berre dei aktuelle vegprosjekta.



Grov beskrivelse:

Gå gjennom grunnlagsdokumentasjon som er tilgjengelig. Her vil Voldsfjordkryssing arbeide tett med ekstern konsulent for å finne fram relevant grunnlag.

E. Etablering av ein lokalt tilpassa transportmodell/delområdemodell, basert på ein større regional modell.

Gjennomføre beregningar med transportmodellen.

NTP har nytta 2030 som beregningsår, men vi vil nytte 2050 I prosjektet vil bli nytta metodar i tråd med Statens vegvesen sine metodar for å sikre truverdighet mot sentrale besluttande myndigheiter (Samferdselsdepartementet)

E. GIS-analyse

Ei geografisk analyse ved Volda som ei ferjefri kommune. Analyse av rekkevidde/reisetid som følgje av bygging av ny(e) brusamband. Ei slik analyse vil

visje rekkevidda med bil frå eit valt punkt – for før-situasjon (ferje) og etter-situasjon (bru). Ved hjelp av en geografisk analyse kan endring i rekkevidde (reisetid) som følgje av en ny bruforbinding illustrerast grafisk. Eit slik kart vil vise rekkevidda med bil frå eit valt punkt, gitt ulike tidsintervall i minuttar, både for før-situasjonen (ferje) og etter-situasjonen (bru). Ei rekkeviddeanalyse vil kunne vise dei stadane med størst potensiale for endringer i bu- arbeids- og servicemarkedet, som konsekvens av eit nytt ferjefritt samband. Ved å for eksempel velje Volda som referansepunkt kan det lagast eit kart som viser kor langt ein kan køyre på eksempelvis 15, 30, 45 og 60 minuttar til/frå dette valde punktet. Område som ligg innanfor akseptabel køyretid frå Volda, vil ha eit større potensiale for pendling ol. samanlikna med områder som vert vurdert å ligge for langt unna eit slikt regionalt

knutepunkt. Vi har hatt samtaler med konsultentselskap som driv med utarbeiding av GIS-analyser. Rapport frå denne vil bli eit verdfullt vedlegg i ein endeleg søknad for å få bruprojekt(a) godkjende. Planlagd gjennomføringsperiode vil vere april 2020 – februar 2021 2020 – februar 2021, under føresetnad av tilgang til økonomiske midlar til gjennomføring

Det ein kjem fram til i dette delprosjektet, vil vere særskilt viktig også når det seinare skal reknast samfunnsnytte og inntekter frå brubillet/bompengar i samband med ferjeavløysingssøknaden.

Prosjektet må gjennomførast i eit samarbeid mellom ekstern konsulent med spesialkompetanse og Voldsfjordkryssing – og selskapet er innstilte på å det. Vi har hatt drøftingsmøter med 3 ulike aktuelle selskap som saman med Voldsfjord-



kryssing kan gjennomføre eit slikt prosjekt. Dette også for å få ei kvalifisert aning om kva midlar vi treng for å kunne gjennomføre prosjektet. Vi vil her minne om at Voldsfjordkryssing AS alltid går ut med førespurnad om tilbod frå minst 3 aktuelle leverandørar, og i ein slik førespurnad vert det klargjort etter kva kriterier ein leverandør vil bli valgt.

5.2 Finansieringsanalyse for bru-prosjekta.

Finansieringsanalyse av bru-samband vert gjort gjennom transportmodellberekningar. Det vert gjort modellberekningar med alternative brubillettsatsar for å berekne trafikknivået som skal leggjast til grunn for inntektsanalysen. Vidare vert det i inntektsanalysen lagt inn det ferjeavløysingstilskotet (over 45 år) som prosjektet vil få. I sjølve finansieringsanalysen bereknast samla inntekter over tid. Der det vert teke høgd for lånebe-

hov, rentenivå i betalingsperioden, prisstigning og kostnader i samband med innkreving/drift av brubillettsystemet. Denne analysen vil bli gjort av eksterne fagfolk med detaljinnsikt korleis ferjeavløysingsprosjekt skal analyserast og bereknast. Sidan det er venta ein del avklaringar vedr detaljregelverket for ferjeavløysingsprosjekt, vil dette prosjektet bli gjort i 3 – 4 kvartal 2021. Ein slik analyse vil vere eit svært viktig vedlegg i ein endeleg søknad.

5.3 Utarbeiding av søknad om godkjenning som ferjeavløysingsprosjekt.

Under føresetnad av at dei omtalte delprosjekta vert gjennomførte, reknar Voldsfjordkryssing AS å kunne utforme søknad om godkjenning av dei aktuelle bru-prosjekta som ferjeavløysingsprosjekt, i løpet av 1. halvår 2022. Selskapet treng ekstern bistand til intern kvalitetssikring av søknaden.

5.4 Søknaden må kvalitetssikrast i samsvar med dei reglar som staten har for dette. Det er såleis eit mål for Voldsfjordkryssing AS at ferdig(e) ferjeavløysingssøknader bør kunne vere klar for overending til besluttande myndigheter innan utgangen av 2022.

6.0

Styret gjorde følgjande samrøystes vedtak den 29.01.2020

1. Styret viser til §3 a og b i vedtektene, selskapet sitt hovedføremål – og vil arbeide vidare med å erstatte ferjene mellom Volda og Folkestad – og Volda Lauvstad med bruer.

2. Styret viser til Volda kommunestyre sitt vedtak frå budsjettmøtet 12. desember 2019: «Kommunestyret ber Voldsfjordkryssing om at det tidleg i 1. halvår 2020, vert lagt fram ei sak som viser kva Voldsfjordkryssing AS har trong om av midlar for å kunne legge fram ferdig(e) søknad(ar) om godkjenning av bru prosjekta som ferjeavløysingsprosjekt».

3. Det er noko usikkert når tid det detaljerte regelverket for ferjeavløysingsprosjekt er endeleg avklara, men under føresetnad av dei «signal» som er gidde så langt frå sentralt samferdselspolitisk hald, forventar styret at regelverket er så avklara at endeleg søknad om godkjenning av prosjekta som ferjeavløysingsprosjekt burde kunne utarbeidast og vere klar for oversending i løpet av 4. kvartal 2022.

4. Styret føreset at desse konkrete delprosjekta vil kunne gjennomførast i løpet av 2020/2022 slik at naudsynt informasjon og grunnlag for utforming av søknad kan utformast:

- Volda ei ferjefri kommune?»
- Finansieringsanalyse for bru prosjekta
- Utarbeiding av søknad om godkjenning som som ferjeavløysingsprosjekt – kvalitetssikring
- Ekstern kvalitetssikring av søknaden, i samsvar med statens reglar.

5. Med utgangspunkt i den økonomiske stoda for Voldsfjordkryssing AS, treng Voldsfjordkryssing AS å få tilført følgjande midlar:

2020 kr.	500'
2021 «	600' - herav drift 300'.
2022 «	600' - herav drift 300'.





VOLDSFJORDKRYSSING AS

Skiping av selskapet

Kort historikk

7.0

Då Volda kommune den 28.01.2016 gjorde vedtak om å vere initiativtakar til å opprette Voldsfjordkryssing AS, lydte vedtaket slik:

PS 3/16 Voldsfjordkryssing AS (Sus):

1. Kommunestyret godkjenner at Volda kommune går inn som aksjeeigar i selskapet Voldsfjordkryssing AS (sus).

2. Kommunestyret godkjenner for sin del forslag til vedtekter og aksjeeigaravtale i samsvar med vedlegg 1 og 2 i denne saka.

3. Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å skipe selskapet på vegne av Volda kommune og aktuelle samarbeidspartar. Selskapet skal primært arbeide med Voldsfjordkryssing.

4. Formannskapet får fullmakt til å gjere evt. naudsynte tilpasningar som følgjer av dei drøftingar som følgjer av pkt. 3.

5. Kommunestyret viser til at Volda kommune sin del av aksjekapital, kr 300.000,

tidlegare er vedteken dekt ved bruk av ubunde disposisjonsfond. Volda kommune stifta selskapet den 25.02.2016, og formannskapet hadde utpeika følgjande til styre i selskapet:

- *Ordførar Jørgen Amdam*
- *Martin Ola Brønne*
- *Odd Arne Folkestad.*

Sumaren 2016 vart det halden ein open emisjon i selskapet og det vart teikna 670 nye aksjar i selskapet slik at aksjekapitalen var no på kr. 970.000, og det varr i alt 127 aksjonerar.

På ekstraordinær generalforsamling 26.08.2016 vart dette styret valgt:

- *Styreleiar Ola Krumsvik*
- *Arild Johannes Iveresen*
- *Margrete Trovåg*
- *Edvin Dale*
- *Magni Aa Berge.*

Då selskapet vart stifta, lydte § 3 selskapet sitt hovedeføremål slik:

a) Erstatte ferja Volda-Folkestad – med brusamband over Voldsfjorden, finansiert primært med ferjeavløysingsmidlar samt bompengar

b) Erstatte ferjesambandet Volda-Lauvstad – med brusamband over Dalsfjorden, finansiert primært med ferjeavløysingsmidlar samt bompengar

c) Vere pådrivar for etablering av tunnel-samband mellom vestsida av Dalsfjorden og Vanylven.

Selskapet sitt hovedeføremål - §3 i vedtektene vart ved vedtak i generalforsamlinga 26.08.2017 endra slik::

a) Erstatte ferja Volda-Folkestad – med brusamband over Voldsfjorden

b) Erstatte ferjesambandet Volda-Lauvstad – med brusamband over Dalsfjorden

c) Vere pådrivar for etablering av tunnel-samband mellom vestsida av Dalsfjorden og Vanylven.

Generalforsamlinga si grunngiving for denne endringa, var at om styret fann andre «finansieringskjelder» i tillegg til ferjeavløysingsordninga, for å få bygd dei nemnde bruene – så hadde styret høve til å arbeide også med dette.

APPENDIX

Appendix 1 *Vedtektene for Voldsfjordkryssing*





Vedtekter for Voldsfjordkryssing AS

(§3 endra ved vedtak i generalforsamling 28.06.2017, ny §5 vedteken ved generalforsamling 28.06.2017, endring av §9 - tidlegare §8 vedteken i generalforsamling 28.06.2017, ny §12 vedteken i generalforsamling 28.06.2017 – endring av §9 vedteken i generalforsamling den 28.06.2018)

- §1 Selskapet sitt namn er Voldsfjordkryssing AS.
- §2 Selskapet si forretningsadresse skal vere Volda kommune
- §3 Selskapet sitt hovedeføremål:
- a) Erstatte ferja Volda-Folkestad – med brusamband over Voldsfjorden
 - b) Erstatte ferjesambandet Volda-Lauvstad – med brusamband over Dalsfjorden
 - c) Vere pådrivar for etablering av tunnel-samband mellom vestsida av Dalsfjorden og Vanylven.
- §4 Selskapet sin aksjekapital er kr. 970.000,- delt på aksjar pålydande kr. 1.000,-.
- §5 Selskapet skal ha høve til å ta imot tilskot til å fremje føremålet sitt. Det er også høve til å ta opp lån og til å utvide aksjekapitalen til å fremje føremålet.
- Eventuelt overskot skal tilleggjast selskapet sin eigenkapital.
- §6 Kommunar, fylkeskommunar, næringsliv og privatpersonar kan eige eller erverve aksjar i selskapet
- §7 Selskapet sitt styre skal ha 3 – 7 medlemer alt etter generalforsamlinga si nærare avgjerd. Styret blir valt for 2 år. Styret sin leiar blir vald av generalforsamlinga
- §8 Selskapet vert teikna av formannen i styret. Eit samla styre kan gi prokura.

§9 Ordinær generalforsamling vert halde kvart år innan utgangen av juni månad i samsvar med aksjelova. Innkalling og dagsorden til generalforsamlinga vert sendt aksjonærane med minst 2-to-vekers varsel.

I generalforsamlinga skal handsamast:

1. Fastsetjing av resultatregnskap og balanse
2. Val av styre
3. Val av revisor
4. Andre saker som etter lov høyrer under generalforsamlinga.

§10 Overdraging av aksjar skal meldast og godkjennast av styret

§11 Det vert ellers vist til den til ei kvar tid gjeldande aksjelovgivning

§12 Oppløysing av selskapet skal treffast i generalforsamling med 2/3 fleirtal. Det skal veljast eit avviklingsstyre som skal stå føre avviklinga.

Pålydande aksjekapital pluss skjermingsrente skal betalast attende til aksjonærane om selskapet har midlar til dette. Selskapet si formue ellers, skal etter oppløysing, tilfalle andre selskap med tilsvarende føremål.
